

Kjære abonnent

I samband med vårt kvalitetssikringsarbeid er det trong for å synleggjere skilnaden mellom "Normalhushald" og "Småhushald" slik at ein legg til rette for samsvar mellom type abonnement og tømefrekvens.

Vi ber difor om at alle våre abonnentar som har normalhushald, merker restavfallsdunken med merkemateriell. Abonnentar med normalhushald har henting av restavfall kvar 14. dag.


Under finn du mal for montering. Det er viktig at du følgjer malen, slik at merka vert mest mogeleg synlege for renovatøren, og at profileringa framstår tydeleg og ryddig. Merka er i refleksfolie, slik at dei òg vert synlege i den mørke årstida.

Montering av merket "Normalhushald":



Merket "Normalhushald" skal monterast sentrert framme på loket

Montering av sirkel:



Sirkelen skal monterast på høgre hjørne (sett framfrå), ca 13 cm frå kant oppe.

NB: restavfallsdunkar som ikkje vert merka med "Normalhushald", vert rekna som småhushaldsdunkar med tøming ein gong kvar månad frå og med veke 34 (21. august).

Om du ønskjer å endre abonnement går du inn på ihm.no - tenester og info - oppretting/ending av abonnement, og fyller ut elektronisk skjema. Du kan òg kontakte IHM på tlf. 56 52 99 00. Sjå elles ihm.no - gebyrforskrift og innsamlingsforskrift.